



VOSS KOMMUNE

Vedteken i kommunestyret 20.03.2014 sak 23/14

FORSKRIFT OM TØMMING AV AVLØPSANLEGG OG BETALING AV GEBYR

Vedteke av: Voss kommune
Arkivsak nr: 13/1337
Ikrafttreding: 01.01. 2014
Heimel: Forskrifta er utarbeidd i medhald av lov av 13. Mars 1981 nr 6 om vern mot ureiningar og om avfall (ureiningslova) med seinare endringar.

KAP. 1 GENERELLE VILKÅR

§ 1 FØREMÅL

Forskrifta har som føremål å verne miljøet mot uheldige verknader av utslepp av avløpsvatn.

Forskrifta har som føremål å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg innsamling og transport av avløpsslam i kommunen.

§ 2 VERKEOMRÅDE

Denne forskrifta gjeld tømning av avløpsslam frå avløpsanlegg som ikkje er tilknytt offentleg avløp, og der kommunen er ureiningsmynde. Forskrifta gjeld også bestemming om betaling av gebyr.

Unnateke frå verkeområdet er minireinseanlegg som produserer tørrslam.

Oljeutskiljarar, feittutskiljarar og oppsamlingstankar for industrielt avløpsvatn eller liknande ikkje-sanitært avløpsvatn er ikkje omfatta av denne forskrifta.

§ 3 DEFINISJONAR

Avløpsanlegg

Anlegg for handtering av avløpsvatn. Gjeld slamavskiljar/septiktank, tette tankar, reinseanlegg, minireinseanlegg, gråvassanlegg mv.

Slamavskiljar/septiktank

Eit eller fleire kammer for avskiljing av slam frå avløpsvatn.

Tette tankar

Tett oppsamlingstank for avløp frå vassklosett.

Minireinseanlegg

Reinseanlegg med kapasitet til å reinse hushaldsavløp for opptil 50 personar (personequivivalent-pe).

Avløpsslam

Innhaldet frå avløpsanlegg.

Tørrslam

Slam som er tørkebehandla (høg tørrstoffprosent).

Gråvatn

Den delen av avløpsvatnet frå vanleg hushald som kjem frå kjøkken, bad og vaskerom. Klosettavløp er ikkje inkludert.

Abonment

Eigar av eigedom som inngår i slamtømmeordning er ansvarleg for abonnementet.

Festar av eigedom som er bortfesta for 30 år eller meir og festar som har rett til å få festet forlenga slik at samla lengd av festet vert 30 år, blir rekna som abonment (jf. ureiningslova § 34)

§ 4 TVUNGEN SLAMTØMMING

Voss kommune skal syte for tømning av alle avløpsanlegg som ikkje er tilknytte offentleg avløpsnett (jf. ureiningslova § 26), og der kommunen er ureiningsmynde. Dette tyder at alle slike anlegg skal ta del i den kommunale slamtømmeordninga.

All slamtømming skal utførast av den renovatøren Voss Kommune har kontrakt med.

Ved minireinseanlegg utstyrt med slamtørkar skal tømning av tørrslam gjerast av personell ved pålagt servicebesøk, i samsvar med gjeldande forskrift for godkjenning av anleggstypen.

KAP. 2 TØMMING AV AVLØPSANLEGG

§ 5 ABONNENTEN SITT ANSVAR

Ved varsel om tømning er det abonnenten sitt ansvar at anlegg som skal tømmast er lett tilgjengeleg for tømning, og at overdekking av kumlokk o.l. med snø, is, jord, stein eller anna skal vere fjerna.

Alle avløpsanlegg skal vere forsvarleg sikra. Spesielt tunge og uhandterlege lokk samt dårlege lokk kan krevjast utskifta. Kommunen kan skifte ut skadde/manglande kumlokk på eige initiativ.

Det er tankeigar sitt ansvar å gjera merksam på behov for tømning utanom fastsett tømmefrekvens.

For nye anlegg som skal inn i den kommunale slamtømmeordninga, gjeld følgjande tilleggskrav:

Tilkomstvegen til anlegget som skal tømmast skal

- a) tole aksellast på minimum 8 tonn
- b) ha vegbreidde på minst 3,5 meter
- c) ha ei stigning som normalt ikkje overstig 8 %, ved kortare rette strekningar inntil 60 m lengde kan stigninga aukast til 10 %
- d) ha fri høgde på minst 4,0 meter
- e) ha snuplass for slamtømmebil
- f) ha ein horisontal avstand til anlegget på maks 70 meter
- g) ha vertikal avstand til botn av anlegget på maks 7 meter
- h) ha kurvatur eigna for køyring med slamtømmebil

Abbonnten er ansvarleg for betaling av alle gebyr.

§ 6 KOMMUNEN SITT ANSVAR

Kommunen er ansvarleg for tømning av avløpsslam frå avløpsanlegg omfatta av denne forskrifta.

Kommunen fastset tidspunkt for ordinær tømning, jamfør fastlagde ruter. I god tid skal tankeigar varslast om tømestidspunkt.

Tømning og avvatning skal utførast slik at abonnentane og grannane ikkje vert nemnande plaga av lukt og støy. Anlegget skal etterlatast av renovatør i lukka stand og plassen skal vere reingjort for slamsøl. Portar og grunder skal vere lukka.

Kommunen skal registrere abonnentar, registrere slamanlegga sitt volum, fastsetje avgiftsgruppe og tømmehyppighet for slamanlegget.

Kommunen skal fastsetje og krevje inn avgift.

§ 7 TØMMEFREKVENS

Den som tømmer anlegget har rett til å plassere naudsynt utstyr på tankeigar sin eigedom for å få utført tømninga.

Tømning skal skje:

- a) For eigedom med fast busetnad/heilårsbustad og **med** toalett tilknytt avløpsanlegget: minst kvart 2. år
- b) For eigedom med fast busetnad/heilårsbustad **utan** toalett tilknytt avløpsanlegg (gråvatn): minst kvart 4. år
- c) For fritidsbustadar: minst kvart 4. år
- d) For eigedom med tett tank:
I god tid før tanken er full, men minst kvart år.
- e) Minireinseanlegg skal tømmast i medhald av utsleppsløyve/serviceavtale
- f) Kommunale og private felles slamavskiljarar e.l. for fleire bustadhus, bustadfelt, verksemdar, industriområde og andre typar byggeområde eller tettstader skal tømmast i samsvar med tømmeffrekvens oppgitt i utsleppsløyvet/serviceavtale.

I særlege høve kan kommunen fastsetje hyppigare tømmeffrekvens enn det som er sagt ovanfor.

KAP. 3 UTKOPLING AV SLAMAVSKILJAR, TETT TANK MV.

§ 8 UTKOPLING AV SLAMAVSKILJAR, TETT TANK MV

Dersom slamavskiljar eller tett tank skal koplust ut, skal dette skje ved at avløpsleidningen blir ført utanom eller i tett tilstand gjennom slamavskiljaren.

Anlegget, anten dette gjeld slamavskiljar eller tett tank, skal tømmast for slam/avløpsvatn og fjernast eller sikrast (t.d. med oppfylling av massar).

Alle kostnadar i samband med nedlegging av slamavskiljaren mv. må dekkjast av abonnenten.

KAP. 4 GEBYR

§ 9 FASTSETTING OG BETALING AV GEBYR

I samsvar med § 34 i ureiningslova fastset kommunen gebyr for slamtømming som skal dekkje alle utgifter kommunen har i samband med ordninga, utan å gje overskot.

Storleiken på gebyret går fram av gebyrregulativet som kvart år vert fastsett av kommunestyret. Gebyret kan krevjast inn i fleire terminar.

§ 10 UTREKNING AV GEBYR

Gebyr for tømming av slam vert utrekna på bakgrunn av tømmefrekvens jf. § 7 og storleiken på slamavskiljar/tank.

Kommunen kan påleggje tilleggsgebyr

- a) viss overdekking av kumlokk o.l. ikkje er fjerna, eller anlegget på annan måte er forhindra frå å bli tømt
- b) viss kommunen har skifta ut skada/manglande kumlokk på eige initiativ
- c) ved ekstratømming utanom fastsett tømmetidspunkt
- d) viss eksisterande tilkomstveg har ein horisontal avstand til avløpsanlegget på meir enn 70 m og/eller vertikal avstand frå botn av anlegget på meir enn 7 m.
- e) ved tilsyn/etterkontroll
- f) ved søknad om fritak

§ 11 INNKREVIING, RENTER MV

Gebyr, renter og andre kostnadar er sikra med legalpant i pantelova § 6-1.

Reglane i lov av 6. Juni 1975 om eigedomsskatt til kommunane §§ 26 og 27 gjeld for renteplikt ved for sein betaling og for inndriving av avgifter.

Eigaren/heimelshavaren er ansvarleg ved for sein betaling eller anna misleghald, men då etter at han har fått naudsynt varsling. Reglane i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane §§ 26 og 27 gjeld for renteplikt ved for sein betaling og for inndriving av gebyr.

§ 12 ENDRING I ABONNEMENT

For midlertidig fritak frå gebyret må det sendast inn skriftleg søknad. Fritak vert berre gjeve for to år av gongen.

Det kan ikkje gjevast dispensasjon frå ordninga eller betalingsplikta på grunnlag av at ordninga ikkje vert nytta, at ordninga er tungvinn, vert sett på som unødvendig, eller av liknande årsaker.

KAP 5 KLAGE OG STRAFF

§ 13 KLAGE

Vedtak som er fatta av kommunen i medhald av denne forskrifta, kan påklagast etter forvaltningslova § 28.

Kommunen kjem med pålegg og gjer vedtak etter denne forskrifta. Vedtak som er gjort, kan påklagast i medhald av § 85 i forureiningslova, jf. forvaltningslova.

Klage skal sendast til det organ som har gjort vedtaket. Dersom klagen ikkje vert teken til følge, vert han oversendt til den *offentlege instansen (klageorgan)* som skal gjere endeleg vedtak.

§14 STRAFF

Den som ikkje overheld forskrifta, vert straffa med bøter etter ureiningslova § 79 andre ledd.